



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Julie Marie Andersen, 5557 2355  
Anniken Friis, 5557 23 31

Vår dato  
23.06.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/3428 561  
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Motsegn og fråsegn til bygging av seks småkraftverk i Masfjorden kommune**

Fylkesmannen er nøgd med at NVE vurderer kraftverksøknadene i Masfjorden i ei samla pakke, men meiner at søknadane ikkje i tilstrekkeleg grad viser verknadene av planlagte utbyggingar. Vassdraga sin verdi i fjordlandskapet, og omsyn til friluftsliv og opplevingsverdi må vektleggjast. Samfunnsnyttan ved å vidareføre ei omfattande kraftutbygginga i Masfjorden må vurderast.

Utbygging av alle seks vassdraga vil samla sett vere i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale verdiar. Fylkesmannen fremjar motsegn til tre søknader og rår frå ein søknad ut frå vurdering av samla belastning på naturområde i Masfjorden. Motsegna gjeld Bjørnekletten kraftverk, Fossdalen kraftverk og Nørlandselva kraftverk, frårådinga gjeld Sulelva kraftverk.

Vi ber NVE vurdere omfanget av utbygging og naturfaglege vilkår ved eventuell konsesjon til Haugsvær og Sandneselva kraftverk.

### ***Innleiing***

Fylkesmannen viser til høyring på konsesjonssøknader for bygging av seks småkraftverk i Masfjorden kommune. NVE ber om at kvar sak vert vurdert for seg, men at alle sakane òg vert vurdert samla, slik ein kan ta omsyn til samla belastninga i området, jf. naturmangfaldlova §10.

Det er etter vår vurdering uaktuelt å opne for alle dei nye utbyggingane i Masfjorden. *Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021* gir eit viktig fagleg grunnlag for vurdering av samla belastning i området. Masfjorden er klassifisert som viktig fjordlandskap (klasse B) med stor og middels verdi. Landskapet har gode kvalitetar og store deler av fjorden er urørt av større tekniske inngrep. Midtre del er heilt utan inngrep på båe sider av fjorden, ytre del på eine sida av fjorden. Heilskapssinntrykket som dette gir fjordlandskapet må vektleggjast ved ei samla vurdering av utbygging i området.

Mellom dei seks kraftverka i pakken ligg Sandneselva, Nørlandselva, Fossdalselva og Haugsvær slik til at vassdraga er synleg frå fjorden. Suleelva ligg noko høgare opp, men likevel i same geografiske landskapsrom. Bjørneklettbotn kraftverk ligg lenger frå fjorden, men samla belastning er relevant også i denne saka, då Haugsdalsvassdraget er sterkt påverka av tidlegare utbyggingar. I tillegg til søknadene i pakken må ein leggje til grunn at det kan

come planar om utbygging av Sollielva og Storelva, då NVE nyleg har sett krav om konsesjonshandsaming i desse sakene.

Det ligg verdifulle fjellområde nær til utbyggingsprosjekta, der Fjonfjella og fjella langs grensa mot Sogn nord for fjorden er særleg viktige. Dei er karakterisert som sårbare høgfjellsområde og verdsett med stor og middels verdi i fylkesdelplanen. Inntaksområda for fleire av kraftverka ligg høgt til fjells, nær turstiar og oppmarsjområde, og utbygging vil fragmentere naturområde og påverke opplevingsverdien i desse områda.

I tillegg til kraftverk, vil og bygging av nye kraftliner come til å prege landskapet i regionen. Det er nyleg gjort vedtak om bygging av 300 (420) kV kraftline frå Modalen til Mongstad med trafostasjonar på Haugsvær og Frøyset. Vi viser og til konsesjonssøknad om ny 132 kV kraftline fram til Frøyset trafostasjon frå Dalsbotnfjellet i Gulen.

## ***Omtale av prosjekta***

Nedafør følgjer hovuddata frå prosjektplanane:

<b>Søkrad</b>	<b>Søkjar</b>	<b>Installert effekt (MW)</b>	<b>Produksjon (GWh)</b>
<b>Nørlandselva kraftverk</b>	Nordkraft Vest AS	4,9	12,6
<b>Sandneselva kraftverk</b>	NGK Utbygging AS	2,3	7,1
<b>Bjørneklettbotn kraftverk</b>	Småkraft AS	7,75	20,1
<b>Haugsvær kraftverk</b>	Haugsvær Kraft (SUS)	2	3,9
<b>Sulelva kraftverk</b>	Småkraft AS	3,7	5,2
<b>Fossdalen kraftverk</b>	Fossdalen kraft (SUS)	2,7	8,6

### **Bjørneklettbotn kraftverk**

Småkraft AS søkar om å byggje eit kraftverk som nyttar Haugsdalselva og Bjørneklettbekken.

#### *Tidlegare utbygging og eksisterande inngrep*

Haugsdalsvassdraget har vore regulert i 60 år. I øvre del av vassdraget er det gjort omfattande inngrep knytt til overføringar og reguleringar til produksjon i Matre kraftverk. I dag vert området på oversida av fossen ned til Haukelandsvatnet nytta til mellomlagring av steinmasser frå nytt kraftverk i Matre. Dette områdar er sterkt prega av utfylling og planering heilt ut til det karakteristiske fossefallet i området. Det er gitt konsesjon til Daleelva kraftverk, sidevassdraget frå Kjetland.

#### *Planar for utbygging*

Bjørneklettbotn kraftverk vil nytte eit fall på 220 meter i Haugsdalselva mellom kote 320 og kote 100. Det er søkt om å byggje ein 45 m lang terskel/dam ved inntaket i Haugsdalselva på kote 320. Inntaket skal gå i ein sjakt som koplpar seg på ein 1840 m lang driftstunnell. Dei siste 180 m skal gå i ein røyrgate ned til kraftstasjonen på kote 100. Eit ekstra uttak på kote 400 frå Bjørneklettbekken skal gå i sjakt og koplast på driftstunnellen på kote 120. Lengde på råka elvestrekning er 3300 m.

### *Vasstrengen*

Haugsdalselva har allereie redusert vassføring mot det som var opphavleg. Normal lågvassføring er i dag estimert til 60 l/s i Haugsdalselva og 8,0 l/s i Bjørneklettbekken. Utbyggar føreslår minstevassføring på 52,0 l/s i Haugsdalselva, 8,0 l/s i Bjørneklettbekken om sommaren og ingen minstevassføring om vinteren. Utbyggjar meiner det er tilstrekkeleg tilsig på nedsida av Haukelandsvatnet.

Det er øvre del av vasstrengen som blir mest råka av uttaket. Fossen ned til Haukelandsvatnet vil periodevis vere utan vatn. Dette vil råke allmenne landskapsinteresser i området, truleg og påverke dyre- og planteliv.

Der vert satt krav til minstevassføring i alle kraftverksaker. I følgje vassressurslova § 10 skal det i elver og bekker med årssikker vassføring vere minst den alminnelege lågvassføringa tilbake. Fossen er brei og renn over store svaberg. Lita eller ingen minstevassføring vil bli tydeleg langs denne delen av vassdraget.

Fylkesmannen meiner at minstevassføring minst lik alminneleg lågvassføring må oppretthaldast i vassdraget, også om vinteren.

### *Landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur (INON)*

Søkjer har evaluert utbygginga til å ha liten til middels negativ konsekvens for friluftsliv og brukarinteresser.

Utbygginga vil føre til omfattande fysiske inngrep i tiltaksområdet rundt kraftstasjonen, mellom anna med bygging av 300 m anleggsveg til start av tunnel, 130 m veg til sjølve kraftstasjonsområdet, og 180 m lang rørygate. Tunnelmassane vil utgjere 50 000 m<sup>3</sup> og vil bli plassert nedanfor Bjørneklettbotn.

Gjennomføring av planane vil resultere i tap av 0,19 km<sup>2</sup> inngrepsfrie naturområder (INON sone 2) på Kalvikefjellet nord for utbyggingsområdet. Fylkesmannen meiner dette er ei uheldig følge av utbygginga.

Det går ein gamal ferdselsveg langs vassdraget frå Kjetland opp til Storevatnet ved E 39. Denne er i dag ein lokal tursti som er merka og omtala i kart og turhandbøker. Bygging av dam og uttak av vatn vil saman med eksisterande inngrep føre til ytterlegare påverknad i området. Grunnlaget for gode naturopplevingar vert ytterlegare redusert, i eit naturområde som i utgangspunktet har vore flott og eigenarta.

Også Bjørneklettbekken er godt synleg i landskapet, og tap av minstevassføring vil forandre landskapsopplevinga også i denne del av planområdet.

Redusert vassføring vil redusere opplevinga knytt til fiske i elva.

Kvalitetane i vassdraget er knytt både til fosselandskapet og anna vassdragsnatur, inkludert urørte sidevassdrag som Bjørneklettelva. Dette er viktig både for fastbuande og tilreisande til området. Fylkesmannen meiner at landskapet fortsatt har gode verdifulle kvalitetar, og at friluftsopplevinga i området vil bli vesentleg redusert ved omsøkte utbygging.

Fylkesmannen meiner at søkjar undervurderer vassdraget sin verdi knytt til landskaps-, friluft- og opplevingsinteresser.

#### *Fisk og forureining*

Haugsdalselva er anadrom, med både laks og sjøaure. Den har ikkje eigen laksebestand, men saman med Matreelva og Hopevassdraget er det rekna som ein av dei viktigaste sjøaureelvane i området. Søknad om bygging av Storura kraftverk i nedre del av vassdraget vart avslått av NVE på grunn av konflikt med anadrom fisk.

Kraftstasjonen til Bjørneklettbotn kraftverk er planlagt plassert 1 km over vandringshinder for anadrom fisk. Det er heilt nødvendig med vilkår om utforming av inntaka for å sikre mot gassovermetting. Dette gjeld sjølv om både avstand og vandringshinderet Sagfossen truleg bidrar til at vatnet vert lufta tilstrekkeleg før det kjem på anadrom strekkje.

Sprengstein kan ha forureinande avrenning av ammonium- og nitratforbindelsar. Dette kan omdannast til ammoniakk som er giftig for levande organismar i vatn i lave konsentrasjonar. Kor giftig dette utsleppet vil vere, er avhengig av totalt nitrogenutslepp, pH og temperatur. Sprengstein skal disponerast på ein slik måte at det ikkje fører til utvasking og utslepp direkte til vassdrag. Eventuelle resipientar skal skjermast mot forureinande avrenning. Det skal om nødvendig etablerast grøfter og andre tiltak for avskjering av sigevatn. Utbyggjar må truleg søke om utsleppsløyve etter forureiningslova.

#### *Naturmangfald*

Søkjar vurderer at tiltaket vil ha liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald. Det er ikkje funne spesielle naturtyper eller vegetasjonstyper knytt til elva eller influensområdet. Det er påvist skjeand (VU) i Haukelandsvatnet og alm (NT) i området ved tunnelpåhogg. Fossefall er påvist i området. Negative konsekvensar for biologisk mangfald er i hovudsak knytt til redusert vassføring i driftsfasen.

#### *Fylkesmannens konklusjon*

Fylkesmannen viser til dei mange og omfattande inngrepa som tidlegare er påført Haugsdalsvassdraget. Det er fortsatt gode naturverdiar og opplevingskvalitetar knytt til vassdraget, og dette har verdi for både lokalbefolkninga og besøkande. Vi meiner at det ikkje er rom for fleire utbyggingar i Haugsdalsvassdraget.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Bjørneklettbotn kraftverk.

### **Sulelva kraftverk**

Småkraft AS søker om å byggje eit kraftverk som nyttar vassfallet i Sulelva og Svaelva.

#### *Planar for utbygging*

Det er søkt om å nytte eit fall på 405 m mellom to inntak, eit i Sulelva og eit i Svaelva, begge på kote 500, og kraftstasjon på kote 95. Vassvegen skal gå i ein til saman 2420 m lang nedgrave rørgate. Lengde på råka elvestrekning er 2600 m. Prosjektet vil også nytte eksisterande overføring frå elva i Storfjellsdalen til Svaelva. Overføringa er eit tidlegare flomførebyggjande tiltak som er i delvis funksjon og er tenkt forbetra.

### *Vasstrengen*

Middelvassføring i Sulelva er 200 l/s og i Svaelva 250 l/s. Det er planlagt å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 7 l/s i Sulelva og 8 l/s i Svaelva heile året.

Fylkesmannen meiner at dette er for lite, og det er viktig at det biologiske mangfaldet knytt til vasstrengane ikkje blir nemneverdig råka av utbygginga. Samtidig er dette elver som gir stor opplevingsverdi. Dei vil vere godt synleg i nedbørsrike periodar med fossestryk og vatn over svaberg.

### *Landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur (INON)*

Landskapet i dette området er dramatisk og bratt. Ei røyrgate opp fjellsida vil bli godt synleg. Fjella i området er mykje i bruk, og det går merka tursti frå Kvamsdalen til Kalhovda eller Kringla, som følgjer Stendarskarfjell, Ynnesdalsnakken eller Skarpefjellsnakken. Planlagte landskapsinngrep og kraftig redusert vassføring i dei to elvane vil påverke naturopplevinga i området.

Ein gjennomføring av utbyggingsplanane vil resultere i eit tap av inngrepsfrie naturområder (INON sone 2) på 1,4 km<sup>2</sup>. Det er ikkje ønskjeleg å miste inngrepsfri natur, og det er viktig å vurdere sumverknad av utbyggingane.

### *Fisk*

Sulelva er ikkje anadrom.

### *Naturmangfald*

Søkjjar vurderer at tiltaket vil ha liten negativ konsekvens for biologisk mangfald. Det er ikkje funne viktige naturtypar eller sjeldne eller raudlista artar knytt til elvemiljøet. Eit område ved inntaket er klassifisert som mogleg fisketomt tjørn og gitt C-verdi, men det er ikkje funne sjeldne artar her og tiltaket skal ikkje føre til endring i vassnivået.

### *Fylkesmannens konklusjon*

Fylkesmannen meiner naturinngrepet for Sulelva kraftverk er svært omfattande, og at utbygginga vil prege landskapet og turområda permanent og på ein uheldig måte.

Fylkesmannen rår frå bygging av Sulelva kraftverk.

## **Fossdalen kraftverk**

Fossdalen kraft (SUS) søkar om å få nytte vassfall frå tre ulike nedslagsfelt: Fossdalselva, sidebekk til Fossdalselva og Dyrkollselva.

### *Planar for utbygging*

Det er søkt om å nytte vassfallet frå tre ulike nedslagsfelt med eit samla areal på 6,3 km<sup>2</sup>. Alle tre inntaka blir lagt på kote 240, i Fossdalselva, sidebekk til Fossdalselva og i Dyrkollselva. Kraftverket vil bli bygd som reint elvekraftverk utan regulering. Driftsvatnet skal gå i høvesvis 2030 og 1050 m lange nedgrave tilløpsrøyr til kraftstasjon i Fossdalselva på kote 2. Planen er å byggje ei kort tilkomstveg til kraftstasjonen og anleggsveg til alle tre inntaka. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på 68 l/s i mai og juni og 45 l/s resten av året. Ved hovudinntaket i Fossdalselva og i Dyrkollselva vil ein byggje 3 m høg og 20 m lang gravitasjonsdam. Volumet som blir demma opp er rekna til 2700 m<sup>3</sup> baa stader. I sidebekken

til Fossdalselva skal ein byggje ei mindre gravitasjonsdam med høgde inntil 2 m og ei lengde på 10 m. Her blir vassvolumet 100 m<sup>3</sup>.

#### *Vasstrengen*

Middelvassføring i Fossdalselva er rekna til 384 l/s, i Dyrkollelva 276 l/s og 96 l/s i sideelver frå aust. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på til saman 68 l/s i mai og juni, fordelt på 34 l/s i Fossdalselva, 25 l/s i Dyrkollelva og 9 l/s i sidebekk frå aust. Resten av året skal det sleppast minstevassføring på til saman 45 l/s, tilsvarande alminneleg lågvassføring.

Vi meiner det er sett for låg minstevassføring. Det er viktig at det biologiske mangfaldet knytt til vasstrengane ikkje blir nemneverdig råka av utbygginga.

#### *Landskap og friluftsliv*

Det går bilveg langs Fossdalselva opp til garden Fossdal. Inngrepet i denne del av utbyggingsområdet vil vere mest merkbar ved dei to øvre intaka ovanfor garden. Dyrkollelva går gjennom dramatisk og bratt terreng utan veg. Bygging av ein stor dam ved inntaket, redusert vassføring og bygging av anleggsveg og røyrgate på tvers av fjellsida mellom Fossdalen og Fossdalstølen vil føre til uheldige og uønskte landskapsinngrep. Utbygginga vil bli svært synleg og redusere natur- og friluftsopplevinga i eit flott fjordlandskap.

Fylkesmannen meiner at landskapsinngrepa, spesielt knytt til overføring av Dyrkollelva blir for dominerande. Sørsida av fjorden er på dette strekket heilt urørt, og heilskapssinntrykket i denne delen gjer at fjordlandskapet er høgt verdsett, jf. *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland*.

#### *Fisk*

Det er ikkje kjent om anadrom fisk vandrar opp i elva.

#### *Naturmangfald*

Søkjær vurderer at tiltaket vil ha liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald. Det er ikkje registrert viktige naturtypar knytt til elvemiljøet i influensområdet. Ei mogleg naturbeitemark er nemnt i samband med røyrgate, men den delen som blir råka vil kunne restaurerast. Ei spotteli blir òg råka av røyrgate, men det er ikkje grunn til å tru at inngrepet får vesentlege konsekvensar for dei aktuelle artane. Av sjø og vassdragstilknytte artar er nemnt oter og strandsnipe, men det er ikkje grunn til å tru at desse blir nemneverdig negativt påverka av tiltaket.

#### *Fylkesmannens konklusjon*

Bygging av Fossdalselva kraftverk, spesielt overføring av Dyrkollelva vil føre til uakseptable naturinngrep langs Masfjorden. Vi meiner det er viktig å halde fjorden sitt urørte særpreg med karaktergivande vassdrag mest mogleg intakt.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Fossdalselva kraftverk.

#### **Haugsvær kraftverk**

Haugsvær kraft (SUS) søker konsesjon om å få byggje Haugsvær kraftverk ved å nytte vassfallet i Gjerdsbergelva i Masfjorden kommune.

### *Planar for utbygging*

Haugsvær småkraftverk vil nytte fallet i elva mellom Haugsværvatn og Haugsværfjorden til kraftproduksjon. Kraftstasjonen skal byggjast på kote 2 ved Vollen. Bygging av inntak i elva med overløp er på kote 151. Dei planleggar å plassere inntaket ved utløpet av Haugsværvatnet. Inntaket skal vere ein terskel 20-25 m brei og 1,5 m høg.

Røyrkata skal gå frå inntaket på nordsida av elva og ned til kraftstasjonen. Røyrkata vil ha ein lengde på 850 m og diameter på røyrret skal vere 900 mm.

### *Vasstrengen*

Normal lågvassføring er estimert til 22 l/s i Gjerdsbergelva. Utbyggar føreslår minstevassføring på 35 l/s. Elva er stort sett skjult bak bygg og går i bratt og utilgjengeleg terreng. Nedre del av vassdraget går i ei bekkekløft. Bekkekløfta er klassifisert med verdi B i fylkesdelplanen, og tilstrekkeleg minstevassføring må sikrast.

### *Landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur (INON)*

Denne utbygginga vil truleg ikkje påverke opplevinga av landskapet i vesentleg grad, då røyrkata går i eit ope terreng. I anleggsfasen vil inngrepet vere synleg, men røyrkata kan gro igjen og elva i seg sjølv er ikkje godt synleg frå veg eller dalføret. Inntaket vil ligge skjult bak næringsbygg.

Inntaket ligg innafor områdeplan for Haugsværdalen, som no er under utarbeiding. Kraftverksinntaket ligg i område avsett til *Naturområde vassdrag med tilhøyrande strandsone* og *Omsynssone ras og skredfare*. Eventuell kraftbygging vil krevje dispensasjon frå vedteken områdeplan.

Inngrepsfrie områder blir ikkje råka av utbygginga, og i følge søknaden vil ikkje brukarinteresser eller friluftsliv komme i konflikt med planane.

### *Fisk*

Gjerdsbergselva er ikkje anadrom.

### *Naturmangfald*

Søkjer vurderer at tiltaket vil ha middels negativ konsekvens for biologisk mangfald. Nedre del av Gjerdsbergselva er karakterisert som bekkekløft med verdi B. Det er ikkje registrert sjeldne eller raudlista vassdragstilknytte artar her, men lokaliteten er artsrik, med mange oseaniske artar. Lokaliteten er nordvendt og ligg i eit område med mykje nedbør, og det er grunn til å tru at høg luftfukt og sigevatn er nok til å halde oppe artsmangfaldet.

### *Fylkesmannens konklusjon*

Gjerdsbergselva er ikkje anadrom og tap av vassføring vil ikkje påverke landskapsinntrykket nemneverdig. Truleg vil heller ikkje artsmangfaldet bli mykje påverka ved lågare vassføring, men bekkekløfta bør ha tilstrekkeleg vassføring.

Fylkesmannen vil likevel be NVE vurdere samla belastinga på landskapet. Haugsværdalen er eit område med mykje utbygging, jf. dei mange utbyggingsformåla som ligg i områdeplanen som no er under utarbeiding. Planen omfattar trafostasjon, kraftline, industri, bustad mm. NVE har nyleg gitt konsesjonsfritak for bygging av Bjørnetjørni kraftverk på austsida av dalføret.

Fylkesmannen ber NVE vurdere omfanget av samla utbyggingspress i Haugsværdalen før ein gjer vedtak.

### **Sandneselva kraftverk**

NGK Utbygging AS søker konsesjon om å byggje Sandneselva kraftverk. Ein vil nytte vassfallet i Sandneselva.

#### *Planar for utbygging*

Det er søkt om å nytte vassfallet frå kote 220 til kote 7 i Sandneselva. Det er planlagd ei 1200 m lang røyrgate frå inntak til kraftstasjonen. Ved inntaket på kote 220 er det planar om å byggje ein 3 m høy dam som får lik vasstand til Stemmevatnet som ligger 50 m vidare opp vasstrengen. Ved normal drift vil Stemmevatnet variere med 5 - 10 cm. Planlagt minstevassføring er 12 l/s på sommaren og 21 l/s på vinteren.

Frå inntaket skal det gravast røyrgate om lag 120 m fram til eksisterande traktorveg. Denne blir følgt om lag 830 m før den svingar bratt ned mot kraftstasjonen. Eksisterande traktorveg må utbetrast for å kunne nyttast til betontransport til dammen. Dei resterande anleggsvegane vil vere midlertidig og ha ein varierende bredde på høvesvis 25 – 30 m for å sikre plass til maskiner. Ei 100 m avstikkar frå traktorveg skal vere permanent for å forenkle tilkomst til inntaket for tilsyn og vedlikehald.

#### *Vasstrengen*

Det vert sett krav til minstevassføring i alle kraftverksaker, og normal lågvassføring er estimert til 24 l/s i Sandneselva. Utbyggar føreslår minstevassføring på 12 l/s om sommar og 21 l/s om vinter. I følgje søkjar vil låg vassføring i elva gjere at utbygginga ikkje bli veldig synleg i landskapet. Søknaden gir ikkje eit utfyllande bilde av inngrepa og konsekvensar ved desse.

#### *Landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur (INON)*

Grunna topografi og vegetasjon er elva lite synleg i terrenget. Redusert vassføring vil difor truleg ikkje ha stor innverknad på opplevinga av området. Legging av røyrgate ved sida av vasstrengen vil krevje omfattande landskapsinngrep i utfordrande terreng. Ifølge søknaden er det øvre del av nedbørsfeltet som blir nytta til fiske og friluftsliv, særleg området mellom Stemmevatnet og Svartevatnet. Området langs Sandneselva vert nytta til jakt og fotturar, og her kan man forvente at landskapsbildet og naturopplevingar i området vil bli prega. Inntak og kraftstasjon skal ikkje vere framståande i prosjektet.

Denne utbygginga vil føre til eit tap på 0,09 km<sup>2</sup> av inngrepsfrie områder (INON sone 2). Det er uheldig å miste inngrepsfri natur, og sumverknad må vurderast.

#### *Fisk*

Vassdraget er ikkje anadromt, men det bør gjennomførast ei undersøking av Sandnesvatnet for å stadfeste at der ikkje er ål i vassdraget. Stemmevatnet har bestand av aure, og noko fisk slipp seg ned i Sandneselva. Gyteplasser og eventuell nedvandring av ål i vassdraget må sikrast.



### *Naturmangfald*

Søkjær vurderer at tiltaket vil ha middels negativ konsekvens for biologisk mangfald. Det er registrert ei bekkekløft med verdi B i influensområdet, men det er ikkje registrert sjeldne eller raudlista artar her. Fordi miljøet er nordvendt og skuggefult og ligg i eit område med mykje nedbør, er det grunn til å tru at artane vil klare seg sjølv om tiltaket blir gjennomført. Det er ikkje registrert vassdragstilknytte truga eller sårbare artar i området. Av vassdragstilknytte dyreartar er strandsnipe (NT) og fossekall nemnt, men det er usikkert om dei hekkar langs elva, og begge artane er regionalt vanlege.

### *Fylkesmannens konklusjon*

Fylkesmannen meiner at Stemmevatnet må undersøkast for å sjå om der er ål i vassdraget. Dersom det er tilfelle må ein sikre nedvandringa.

Landskapsinngrep som følgje av utbygging er dårleg synleggjort i søknaden. NVE må gjere ei samla vurdering av tapt inngrepsfri natur i endelege avgjerd for alle sakene i pakken.

Fylkesmannen ber NVE vurdere søknaden i lys av dei mange utbyggingane i Masfjorden.

### **Nørlandselva kraftverk**

Nordkraft Vest AS søker konsesjon om å få byggje Nørlandselva kraftverk ved å nytte vassfallet i Nørlandselva.

### *Planar for utbygging*

Nordkraft Vest AS ønskjer å nytte eit 132 m vassfall mellom kote 135 og kote 3 i Nørlandselva, med inntak i Storevatn. Utbyggar har presentert to alternative vassvegar, men utbyggingsløyisingane har same innløps- og utløpskote, maks. og min. slukeevne, forslag til minstevassføring og planlagd magasin. Lengda på rørgatene vil vere ca. 1850 m i baa alternativ. Alternativ 1 skal gravast ned i heile si lengde, og store delar av røyret vil gå langs eksisterande skogsbilveg. Dei siste 500 meterane vil røyret krysse beitelandskap. Noko hogst langs traséen vil vere naudsynt. Søkar meiner at dette alternativet vil vere lite synleg i ettertid. Alternativ 2 går på nordsida av elva. Etter 1730 m vil den krysse ein skogsbilveg og ein privat veg ved kote 85. Ved kote 23 vil rørgata krysse elva via ein sprengd grøft. På sørsida av elva vil alternativ 2 følgje same løysning som alternativ 1.

### *Vasstrengen*

Normal lågvassføring er estimert til 80 l/s i Nørlandselva. Utbyggar føreslår minstevassføring på 190 l/s om sommaren og 70 l/s om vinteren. Den nedre delen av vassdraget har eit stort og flott fossestryk som renn over fjell/svaberg. Dette ligger sentralt til i bygda, og er karaktergivande for landskapsrommet både, på land og frå sjøen. Bygda vil miste mykje av sitt særpreg dersom vassføringa blir vesentleg redusert.

Fylkesmannen meiner at vassføringa i fossen må sikrast.

### *Landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur (INON)*

Alternativ 2 vil føre til omfattande landskapsinngrep på nordsida i elva, i eit utfordrande terreng der øvre del er utan større tekniske inngrep. Rørgatetrassen etter alternativ 2 vil gi store og unødvendige landskapsinngrep, og er etter vår vurdering uakseptabel, jf. naturmangfaldlova § 12 om å nytte miljøforsvarlege teknikkar.

Grunna lett tilkomst er området hyppig brukt i friluftssamanheng, og det ligg fleire hytter i øvre deler av området. Meisdalen er innfallsport til det viktige fjellområdet i Fjongsfjella. Ved bygging etter alternativ 1 vil turgåarar mogleg bli råka i anleggsfasen om dei ønskje å kjøre bil til området på oppsida av Storevatnet.

Denne utbygginga vil ikkje redusere inngrepsfri natur (INON).

#### *Fisk*

Vassdraget er ikkje anadromt, men ein bør undersøke Storevatnet for å stadfeste at det ikkje finst ål i vassdraget.

#### *Naturmangfald*

Søkjjar vurderer at tiltaket vil ha middels negativ konsekvens for terrestrisk naturmiljø. Det er registrert ei fossesprøytsone med B-verdi og to hagemarker med C-verdi i influensområdet, men det er ikkje registrert sjeldne eller raudlista, vassdragstilknytte artar på nokon av lokalitetane. Av vassdragstilknytte, raudlista dyreartar er oter (VU) nemnt, men det er lite sannsynleg at arten ynglar i vassdraget. Den er meir knytt til sjøen.

#### *Fylkesmannens konklusjon*

Fosselandskapet i nedre delen av vassdraget er eit særeiga landskapselement som må sikrast mot redusert vassføring. Framføring av røyrgate etter alternativ 2 vil føre til uakseptable arealinngrep.

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Nærlandselva kraftverk.

### ***Samandrag og konklusjon***

Fylkesmannen er nøgd med at NVE gjennomfører felles høyring på dei seks søknadane, for lettare å kunne leggje vekt på den samla belastninga i området. Det er likevel vanskeleg å bruke søknadene som grunnlag for slik vurdering, då eksisterande og planlagte inngrep ikkje er samla eller synleggjort. Vi meiner at søknadene, generelt sett, manglar fokus på landskap og naturoppleving. Eksisterande inngrep bør komme tydelegare fram, og planar burde vore visualisert betre.

Utbygging av alle seks vassdraga vil samla sett vere i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale verdiar. Karakterisering og verdsetting av fjordlandskapet og sårbar høgfjellsnatur slik det går fram *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland* må vektleggjast ved vurdering av omfanget av utbygginga. Fylkesmannen meiner det er særleg viktig å hegne om område av fjorden som fortsatt er urørt.

Samla tap av inngrepsfrie områder blir på 1,68 km<sup>2</sup> om alle utbyggingane vert realiserte.

Nivået på ny utbygging må vurderast saman med eksisterande inngrep og aktuelle framtidige utbyggingsprosjekt. Fylkesmannen har vektlagt langsiktige perspektiv og eigenverdien av urørt vassdragsnatur i si tilråding. Dette skal vegast opp mot samfunnsnyttan ved å vidareføre omfattande kraftutbygging i Masfjorden.

Fylkesmannen meiner det ikkje er rom for å gi konsesjon til alle prosjekta i pakken.

På denne bakgrunn fremjar Fylkesmannen motsegn til følgjande søknader:

- Bjørnekletten kraftverk
- Fossdalselva kraftverk
- Nørlandselva kraftverk

Vi rår frå bygging av

- Sulelva kraftverk

Fylkesmannen ber NVE vurdere samla belastning og sjå særleg på utforming av naturfaglege konsesjonsvilkåra ved eventuell konsesjon til:

- Sandneselva kraftverk
- Haugsvær kraftverk

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Masfjorden kommune	Kommunehuset	5981	MASFJORDNES
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen